



Sveio kommune

Sveio Kulturskule

Undervisning i Sveio kulturskule tar sikte på å gi eleven ei fullverdig opplæring der faget står i sentrum. Undervisninga vil også innehalde element som bygger opp om hovudaktiviteten. I musikk kan det t.d. vere musikalske aktivitetar som gehørtrening, musikkteori, samspel m.m.

Å ta undervisning i kulturfag har fleire verdjar i seg. Forutan å utføre faget, vil eleven gjennom dei krav som blir stilla til konsentrasjon og sjølvdisiplin ha nytte av undervisninga på andre områder.

Sveio kulturskule følgjer grunnskulen sitt skuleår. Elevar som blir tatt opp i Sveio kulturskule må betale ein eigenandel. Denne blir fastsett av kommunestyret kvart år og kan bli endra i skuleåret. Eit avvik i undervisning inntil 2 gongar pr. semester må tolererast utan reduksjon i eigenandel. Ein elevplass er normalt økonomisk forpliktande for heile skuleåret.

For 2022 har kommunestyret satt eigenandelen pr. semester til:

Elevpenger aspirant/stor gruppe, per halvår kr 1 030,-
Elevpenger ordinær, per halvår kr 1 390,-

Får fleire personar i same husstand undervisning betalar ein fullt ut for det dyraste tilbodet. På det andre får ein 25% reduksjon og 50 % på resten.

Sveio kommune sender ut rekning to gonger i året.

Materiell, notar o.a. til undervisninga må eleven betale sjølv. Eleven må ha eige instrument. Aspirantar til korps får i regelen instrument frå korpset. Dei må gjere avtale om dette direkte med korpset. Dersom kulturskulen legg ut for materiell, vil det bli fakturert saman med eigenandel.